

Justis- og beredskapsdepartementet

[postmottak@jd.dep.no](mailto:postmottak@jd.dep.no)

Kriminalomsorgsdirektoratet

[postmottak-8005@kriminalomsorg.no](mailto:postmottak-8005@kriminalomsorg.no)

Knarvik, 14. februar 2018

### **Fråsegn vedr avgjerd om nedlegging av Bergen fengsel avdeling Osterøy**

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) og Justisdepartementet har gjort vedtak om at Bergen fengsel avdeling Osterøy (Ulvsnesøy) vil bli lagt ned innan 1. juli 2019. Bakgrunnen for dette er at Stiftelsen Ulvsnesøy, som er eigar av øya, ynskjer å selja. Justisdepartementet har, etter anbefaling fra KDI valt og ikkje akseptera tilbodet om kjøp.

Det er grunngjeve ut frå to forhold:

- Statsbygg ser for seg at det må oppgraderast betydeleg
- Behovet for opne soningsplasser vil ifølge prognosane vera synkande i åra som kjem

KDI er tydeleg på at avgjerala kjem til tross for at kvaliteten på arbeidet som skjer ved avdelinga held eit svært høgt nivå. Kommunane Osterøy og Vaksdal har protestert mot forslaget og har oppmoda sterkt om at vedtaket om nedlegging av drifta vert omgjort.

Regionrådet i Nordhordland som består av ni kommunar; Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy, vil med dette koma med ei fråsegn.

Regionrådet i Nordhordland vil vera tydeleg på at me fortsatt ynskjer drift ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy, og støttar kommunane Osterøy og Vaksdal sitt arbeid for å hindra at avdelinga vert lagt ned.

Regionrådet handsama sak i Regionrådsmøte 31. januar d.å. og gjorde følgjande vedtak:

#### **Samrøystes vedtak :**

Regionrådet i Nordhordland er svært negativ til at Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy vert lagt ned. Dette er ei fengselsavdeling med ein fysisk føresetnad som gir heilt unike forhold for drifta. Regionrådet meiner det er særsla mange og gode argument for at det framleis bør vera drift ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy:

1. Fengselet sine fysiske føresetnader, tilbod om utdanning, arbeid, aktivitet og samhandling mellom innsette og tilsette gjer tilbodet på Ulvsnesøy unikt. Avdelinga har særsla gode resultat over lang tid – både fagleg og menneskeleg. Avdelinga kan òg vise til særsla god rehabilitering.

2. Ulvsnesøy og andre mindre fengsel viser seg å gje svært gode rehabiliteringsresultat. Det vil vera eit stort tap om den skulle bli nedlagt.
3. Avdelinga representerer statlege kompetansearbeidsplassar i distriktet. Dei 40-50 tilsette kjem frå kommunane i nærlieken (Osterøy, Vaksdal, Voss, Bergen, mfl.). Ei nedlegging vil, utan tvil, føra til ei uønskt sentralisering av statlege kompetanse-arbeidsplassar, og det vil særskilt vanskeleg å erstatta desse arbeidsplassane lokalt.
4. Avdelinga i Osterøy er viktig for lokalt næringsliv gjennom kjøp av varer og tenester. Dette gjeld særskilt bygdene Bruvik i Osterøy kommune og Vaksdal i Vaksdal kommune.
5. Nedlegginga av fengselsavdelinga i Osterøy kan kanskje gje reduserte kostnader i eit kort og avgrensa perspektiv. Det er i vedtaket til Justis- og beredskapsdepartementet ikkje gjort greie for konsekvensane i eit breiare samfunnsøkonomisk og menneskeleg perspektiv. Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag handlar mellom anna om å gjera innsette betre i stand til eit lovlydig liv etter fullført straff. Det er feil å leggja ned ei avdeling som bidreg positivt til dette. Regionrådet i Nordhordland meiner at ei nedlegging av fengselsavdelinga i Osterøy vil vera ei dyr løysing på sikt.
6. Regionrådet i Nordhordland meiner at Bergen fengsel avdeling Osterøy (Ulvsnesøy) slik den har blitt drevet og den unike plasseringa, har ein stor verdi i kriminalomsorga. Regionrådet meiner også at det gir feil signal å leggja ned fengselplassar i Noreg og samtidig senda innsette til Nederland.
7. Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider no med ei konseptvalutgreiing (KVU) for det samla tilbodet i region vest. Det er naturleg at tilbodet ved Bergen fengsel avdeling Osterøy vert vurdert i samband med dette.

Regionrådet i Nordhordland vil sterkt oppmoda Justis- og beredskapsdepartementet om å gjera om vedtaket om nedlegging av drifta ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy. Det vil vera eit stort tap om avdelinga skulle bli lagt ned.

Med venleg helsing

  
Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

  
Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland  
Vaksdal kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Vest politidistrikt